

## 1. Tilskotssøkjjar

Org. nr. (9 siffer) 945627913	Tilskotssøkjjar Masfjorden kommune	Telefon 56166200	
Postadresse Austfjordvegen 2724	Postnr. 5981	Poststad Masfjordnes	E-postadresse post@masfjorden.kommune.no
Prosjektleiarkontaktperson Trude Bruket, prosjektleiarkontaktperson Region Nordhordland IKS (RNI)			Telefon 97019893
E-postadresse trudebruket@regionnordhordland.no			Ønskt målform <input type="checkbox"/> Bokmål <input checked="" type="checkbox"/> Nynorsk

## 2. Prosjektetnamn

Samordning av sakshandsaming av startlånordninga i Nordhordlandsregionen

## 3. Tilskotets formål (sett kryss)

- Bustadsosiale tiltak
- Bustadtiltak i distrikta (kommunar i SSBs Sentralindeks 5 og 6)
- Driftstilskot til leigetakarorganisasjonar

## 4. Type prosjekt (sett kryss)

### 1 Bustadsosiale tiltak

- Utvikling av nye bustadkonseptar og måtar å arbeide på for å bidra til å gjere det enklare for barnefamiljar og låginntektsgrupper å etablere seg i pressområde
- Tiltak som styrkar kommunen sitt arbeid med å busette flyktningar
- Tiltak som bidreg til at personar med nesett funksjonsevne på lik linje med andre, kan velje kvar og korleis dei vil bu
- Utvikling av nye metodar, konsept og løysningar for bustadsosialt arbeid i heile landet
- Tiltak som bidreg til kunnskapsutvikling og formidling, informasjon til målgrupper og bustadsosiale utgreiingar
- Mastergradsstipend
- Anna; kort om tiltaket (stikkordsform):

### 2 Bustadtiltak i distrikta

- Utvikling av nye samarbeidsformer og forsøk med nye bustadkonsept og verkemiddel som bidrar til auka tilgang på eigna bustader i distriktkommunar, for eksempel:
- Modellar som reduserer tapsrisikoen for personar som skal bygge eller kjøpe nybygde bustader i distrikta
- Nye måtar å samarbeide med utbyggjarar på for å sikre at fleirbustadprosjekt vert gjennomført i distrikta
- Nye bustadkonsept og buformer som for eksempel kan være retta mot å få fram utleigebustader i distrikta som kan kjøpast av leigetakarane
- Anna; kort om tiltaket (stikkordsform):  
Utgreiing av nye samarbeidsformer og verkemiddel som kan bidra til å auke tilgang til eigna bustader for både barnefamiljar og eldre i regionen.

### 3 Driftstilskot til leigetakarorganisasjonar

- Driftstilskot. Talet på medlemmer på søknadstidspunktet:

## 5. Framdriftsplan

Dato for oppstart 01.09.2023	Dato for ferdigstilling 31.12.2024
---------------------------------	---------------------------------------

## 6. Tilskotsbeløp

Søkt beløp 670 000 kr	Er det søkt om midlar frå andre? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Hvis ja, kven:
--------------------------	---

## 7. Aktivitetsplan med kostnadsoverslag

Aktivitet	Pårekna ferdigdato	Beløp
Gjennomføre prosess offentlig innkjøp (kostnad til ekstern innkjøpsfagleg bistand)	31.12.20236	50 000
Intern prosjektleiing Region Nordhordland IKS (RNI)	31.12.2024	100 000
Timeinnsats frå Alver knytt til gje informasjon til utgreiingsarbeidet	30.11.2024	50 000
Timeinnsats frå Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Vaksdal knytt til gje informasjon ti	30.11.2024	100 000
Utgreiing av behovet og moglegheitane i kommunane (konsulent)	01.06.2024	150 000
Reiser til alle kommunane for befarig (konsulent)	01.06.2024	100 000
Juridisk utgreiingsarbeid (konsulent)	30.09.2024	200 000
Oppsummering rapport og anbefaling (konsulent)	30.11.2024	150 000
Revisjon – revisjonsuttale (revisor)	31.12.2024	20 000
<b>Totalsum</b>		920 000

## 8. Finansieringsplan

	Beløp
Tilskot frå Husbanken	670 000
Eigne midlar	250 000
Tilskot frå andre	
<b>Sum</b>	920 000

## 9. Vedlegg

<input checked="" type="checkbox"/> Prosjektskildring	<input type="checkbox"/> Anna
---	-------------------------------

## 10. Underskrift

Underteikna søkjar stadfester at opplysningane ovanfor er rette, og gir Husbanken fullmakt til å hente inn opplysningar om meg/oss som er nødvendige for å behandle søknaden. Eg/vi er merksame på at feilaktige opplysningar kan føre til at tilskotet blir kravd innfridd. Opplysningane kan nyttast til statistiske formål.

Stad	Dato	Underskrift
Masfjordnes	24.05.2023	<i>Svein Helge Hoff Lunde</i>

## 11. Utdjupande opplysningar om søknaden

### Prosjektskildring

<p>Kort, konkret skildring av prosjektet:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kva skal tilskotet brukast til?</li><li>• Kva skal gjerast (aktivitetar)?</li><li>• Kven skal gjere det?</li><li>• Korleis skal det gjerast?</li></ul> <p>Søknad om driftstilskot skal innehalde ei skildring av korleis organisasjonen ivaretek leigetakarane sine interesser på bustadmarknaden</p>	<p>Føremålet med prosjektet er å få utgreidd om det er grunnlag for eit samarbeid om sakshandsaming av startlånssøknader for kommunane i Nordhordland, og korleis dette i så fall juridisk kan la seg løysa. Ynsket er å sjå om nye samarbeidsformer og verkemiddel kan bidra til å auke tilgang til eigna bustader for både barnefamiljar og eldre i regionen.</p> <p>Tilskotet skal nyttast til å kjøpa inn kompetanse som kan gjennomføra den naudsynte utgreiinga som må til for å finna ut om det er grunnlag for, og mogleg, å samordna sakshandsaming av startlån for fleire kommunar. Prosjektet må gjennomførast av innleigd konsultentselskap med kompetanse innanfor økonomi, teknisk/bygg, samfunnsutvikling og jus. Det må difor lysast ut eitt eller to oppdrag innanfor anskaffelsesforskriften, del 1. Region Nordhordland IKS står som ansvarleg prosjekteigar på vegne av kommunane i regionen, og vil følge opp leveransen tett.</p> <p>Masfjorden kommune står formelt som søkjar, i kraft av å ha leiarvervet i regionrådet gjennom ordførar Karstein Totland.</p> <p>Moglege løysingar kan vera at ein interkommunal instans, som til dømes Region Nordhordland IKS, eller eit interkommunalt vertskommunesamarbeid kan ta hand hand om heile, eller deler av, arbeidet knytt til handsaming av startlånssøknader.</p>
---	--

### Gjennomføring og samarbeid

<p>Kort skildring av:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• korleis prosjektet skal gjennomførast</li><li>• samarbeid med andre</li><li>• forankring</li><li>• brukarmedverknad</li><li>• kompetanse og erfaring hos dei ulike aktørane</li></ul>	<p>Utgreiingsarbeidet skal organiserast som eit prosjekt, styrt av Region Nordhordland IKS, som er regionrådet sitt operative organ. Prosjektet kan gjennomførast ved at ein kjøper inn rett kompetanse til å greia ut følgjande:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Ein analyse av behovet og moglegheiter knytt til startlånordninga i kommunane, herunder:<ul style="list-style-type: none"><li>o Analyse av behov hos innbyggjarar</li><li>o Analyse av bustadmasse og areal for bustader</li></ul></li><li>• Ei juridisk utgreiing: det må avklarast kven som kan gjera enkeltvedtak i samband med startlånssøknader, og om dette kan gjerast utanom kommunen.</li><li>• Vurdera kva ressurs kommunane treng for å løyse oppgåver knytt til startlånordninga, og korleis dette arbeidet bør organiserast.</li></ul> <p>Kommunane i Nordhordlandsregionen har samarbeidd i over 60 år. På tross av ulik storleik og ulike ressursar har kommunane tradisjon for å løfta regionen i fellesskap. Alle kommunane som inngår i regionrådet, og som er eigarar av Region Nordhordland IKS (RNI), vil samarbeida om prosjektet.</p> <p>Prosjektet er forankra gjennom handsaming i Regionrådet Nordhordland i sak 18/23, den 21.04.2023.</p> <p>Alle kommunane set av ressursar til å bidra inn i utgreiingsarbeidet. Det er oppretta kontakt med alle som handsamar startlånssøknader, og det vil vera naturleg at fleire i kommunane vert involvert i utgreiingsarbeidet, som vert gjennomført av ekstern prosjektleiar som støttar seg på konsultentselskap med kompetanse innanfor økonomi, teknisk/bygg, samfunnsutvikling og jus (lyst ut som eitt eller to oppdrag). Intern prosjektleiar frå RNI har prosjektleiaransvar på vegne av kommunane, og føl opp leveransen.</p>
---	---

### Formidling

<p>Kort skildring av planene for formidling</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kva er sluttproduktet/ sluttleveransen?</li><li>• Er det andre leveransar undervegs i prosjektet (workshops, webinar etc.)?</li><li>• Kven er målgruppa for sluttproduktet?</li><li>• Korleis skal sluttproduktet formidlast?</li></ul>	<p>Sluttleveransen skal vera ein rapport som viser kva moglegheiter kommunane har for å samarbeida om sakshandsaming av startlån, med tydelege anbefalingar til kommunane og Regionrådet Nordhordland.</p> <p>Kunnskapen som blir utvikla i prosjekta skal vera offentleg og dokumenterast og formidlast på ein slik måte at andre kan ha nytte av erfaringane frå prosjektet.</p> <p>Rapporten vert universelt utforma og kan publiserast på Husbanken sine nettsider.</p>
---	---

## 12. Praktiske opplysningar

**Felles telefonnummer til Husbanken: 22 96 16 00**

Søknad skal sendast elektronisk til:

**post@husbanken.no**

eller til:

**Husbanken  
Postboks 1404  
8002 Bodø**